

## Leiarmøte under Vestlandskappleiken søndag 10.10.2021 kl. 11:00.

Til stades i Trudvang Ungdomshall i Granvin:

Per Øyvind Tveiten – leiar i HFL og repr. frå Kvemmingen spel- og dansarlag

Åslaug Timenes Bell – styremedlem i HFL og repr. frå Osterøy spel- og dansarlag

Knut David Hustveit – leiar i SFF

Alexander Aga Røystrand – leiar og repr. frå Hardanger Spelemannslag

Arne Anderdal – leiar og repr. frå Voss spelemannslag

Ingrid Sørheim – styremedlem i HFL og repr. frå Kvemmingen spel- og dansarlag

Øystein Velure – repr. frå Hardanger Spelemannslag

Ragnar Birkenes – leiar og repr. Frå Bygdedanslaget Bjørgvin

Saksliste:

### 1. Innkalling til møtet:

Det står i vedtektene til Vestlandskappleiken at det skal skipast til leiarmøte for områdelaga og fylkeslaga, og det skal førast protokoll. Invitasjon til møtet er sendt ut til heile Vestlandet, det vil seia også til Møre og Romsdal områdelag og Rogaland (einskildlag då der ikkje er områdelag). På møtet kom det representantar frå gamle Hordaland og Sogn og Fjordane fylke. Ingrid Sørheim var referent.

### 2. Evaluering av Vestlandskappleiken i Granvin 2021:

I år var Hardanger Spelemannslag arrangør av kappleiken. Det vart teke ein runde rundt bordet der alle frammøtte kunne uttala seg om korleis dei opplevde kappleiken i helga. Alt i alt vart VK21 sett på som ein utruleg kjekk kappleik der ein såg mange glade ansikt etter ein kappleikspause på 1,5 år. Kappleiken fekk også god dekning i lokalavisa. Her fylgjer ulike punkt som vart diskutert:

- Sjokoladekappleiken vart trekt særskilt fram som ein stor suksess og fekk mykje skryt. Denne kappleiken hadde god deltaking med 50 startnummer og 78 born totalt! Me synest det er både viktig og riktig at Sjokoladekappleiken går føre seg på hovudarenaen. På den måten blir den komande generasjonen folkemusikarar- og dansarar gjort stas på og borna får ei god oppleving. Alle dei frammøtte var einige i at Sjokoladekappleiken bør få hovudscena også i framtida, heller enn å stua ungene vekk på ei mindre scene. Det var stinn brakke i ungdomshuset under heile gjennomføringa av Sjokoladekappleiken, og konferansierane og arrangørane fekk ekstra skryt. Oppfordringa er difor å bruka tid på å finna dei retta personane til gjennomføringa av SK. Det kom også forslag om å ha ein felles aktivitet for borna etter denne kappleiken, til dømes felles dans.

- Organiseringa av kappleiken har vore prega av «koronaplanlegging». Det var lenge uvisst om ein kunne gjennomføra VK21 i det heile teke, og dette gjorde at planlegginga låg bakpå då det nærma seg. Folk verkar også til å vera noko todelt: somme er framleis skeptiske til å reisa på arrangement såpass tidleg etter gjenopninga av landet, mens andre har gleda seg lenge til å samlast på kappleik.
  - Etterpåmeldingar genererer ein høg prosent meirarbeid som kunne vore unngått. Berre ei veke før kappleiken var det svært få påmeldte, og dei fleste kom den siste veke, og ein god del også då fristen var gått ut. Premielistene og deltakarlistene ligg ikkje på FolkOrg sine nettsider nettopp på grunn av etterpåmeldingar. Burde me ha vore strengare på fristen?
  - Klasse- og dommarutfordring: I år hadde kappleiken 18 klassar med 54 startnummer (ingen påmeldte i vokalklassane) og det vart diskusjon rundt kva klassar det er verdt å ha med i tevlinga. Spørsmålet gjeld også runddanstevling, og berører kva for dommarsett ein skal operera med. Det er mange klassar å velja mellom og ein er nøydd til å avgrensa seg. Vedtektene om klasseinndeling vart sist revidert i 2013. Det vart vedteke at områdelaga skal sjå på dette temaet i året som kjem og ha forslag til revisjon klart til neste møte.
3. Status samordningsarbeidet mellom Hordaland Folkemusikklag og Sogn og Fjordane folkemusikklag:
- Målet er at ei innstilling til samarbeidsmodell skal vera ferdig til årskiftet. Arbeidet er godt i gang og arbeidsgruppa skal levera eit gjennomarbeidd forslag til årsmøtet.
  - Det er oppretta ei undergruppe som ser på rekrutteringsutfordringa spesielt. Det er eit stort felles ynskje om å få Mokurset opp og gå igjen. Mokurset har vore ein svært viktig motivasjonsfaktor for unge folkemusikarar- og dansarar, og har ikkje vorte arrangert sidan 2018.
4. Oppdatering om aktivitet i Rogaland og Møre og Romsdal:  
Ingen av fylka var representerte på møtet, men me veit at det er god aktivitet der.
5. Innkomne saker og oppdateringar:
- Sogn og Fjordane Folkemusikklag arrangerer jubileumsfest laurdag 14.november i høve at laget feirar 40 år. Det blir snart sendt ut invitasjon. Festen skal gå føre seg på Skei Hotell og det skal også vera Smørbukk-kappleik i løpet av dagen.
  - Hordaland Folkemusikklag følgjer Sogn og Fjordane Folkemusikklag hakk i hæl og fyller 40 år komande år.

- Arkivet til Hordaland Folkemusikklag har hatt midlertidig bustad i ei årrekkje, men har no fått fast adresse hjå Fylkesarkivet i Vestland, i arkivet i Bergen. Hovudarkivet er i Leikanger.

6. Vestlandskappleiken 2022

VK22 skal heldast i Sogn og Fjordane, men arrangør er ikkje på plass enno.

7. Årsmøte

Årsmøtet for Hordaland Folkemusikklag blir på vårparten, truleg i mars. Det vil bli sendt ut møteinnkalling og årsrapport i forkant av møtet.

Møtet slutt kl. 12:10.